



Ei endå yngre utgåve av den lovande skyttaren. Frå Landsskyttarstevnet i Førde.

Håvard Eik imponerte då Kvinnherad skyttarlag arrangerte lagsmeisterskap i feltskyting sist helg. Med det gode resultatet 39/3 slo han til med 2.plass totalt i meisterskapet. Han vart knepent slått av omvikdelingen Dagfinn Mehl som skyt i klasse 4.

Håvard skyt i klasse 3, og han vann sin klasse i hovudskytinga med klar margin. Skyttaren sjølv er sjølvsgagt godt nøgd med prestasjonen, og han har dermed fått ein flott start på utandørssesongen. Tre andre uskedelingar gjorde det og bra i same meisterskapet. Frank Vik vart nr. 2 i klasse 4 medan Torger Feet fekk 4. plassen i klasse JEG. Eirik Fausk skaut i klasse Er og kom på ein fin 3.plass.

Tekst: Thor Inge Døssland